



LOM KOMMUNE  
Sognefjellsvegen 6  
2686 LOM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ingrid Skauge-Skogheim, 62 55 11 30

## Søknad om endring av forskrift om typisk turiststad - Bøverdalen (Galdesand) - Lom kommune - Delvis innvilga

Statsforvaltaren viser til søknad av 21.7.23 om at Bøverdalen (Galdesand) skal få utvida perioden med status som typisk turiststad. Statsforvalteren beklagar den lange saksbehandlingstida.

Galdesand i Bøverdalen har status som typisk turiststad i perioden 15. mai til 15. september. Kommunen søker nå om at Galdesand skal reknast som typisk turiststad heile året eller frå påske og fram til 1. desember.

Eit slikt løyve inneber at butikkar i Galdesand vil kunne halde ope på søndagar i den aktuelle perioden.

### Statsforvaltarens avgjerd:

Statsforvaltaren innvilgar delvis Lom kommune sin søknad om endring av forskrift om Galdesand som typisk turiststad.

Statsforvaltaren godkjenner Galdesand som typisk turiststad frå 1. april til og med 15. oktober, dersom påska kjem før 1. april gjeld godkjenninga frå og med palmesøndag.

Statsforvaltarens avgjerd om å fastsetje forskrift er ikkje eit enkeltvedtak, og kan ikkje påklagast vidare av kommunen eller andre berørte.

### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Lom fatta i møte 20.6.23 vedtak om å søkje Statsforvaltaren om at Galdesand skal få status som typisk turiststad i ein utvida periode. Det blei fatta følgjande vedtak:

*«Lom kommune søker med heimel i Lov om helligdager og helligdagsfred § 5 om å få godkjent Galdesand som typisk turiststad i ei forlenga periode, basert på at vår- og skuldersesongen har styrka seg sidan førre forskrift vart godkjent i 2012.*



*Lom kommune forslår to alternative periodar, men vil understreke at det viktigaste er å få tildelt status som typisk turistplass frå påske (mars/april) og fram til Fylkesveg 55 Sognefjellet og Galdhøpiggen sommerskisenteret stenger (vanlegvis i løpet av november).*

*Kommunen ber Statsforvaltaren vurdere om det kan vere mogleg å få statusen på heilårsbasis, eller eventuelt frå påske (tilsvarende formulering som i forskrifta til Fossbergom) og fram til 1. desember.»*

I saksutgreiinga står det at søknaden kjem på bakgrunn av initiativ frå Coop Ottadalen v/Rune Fossmo. Det vises til at Coop Prix Bøverdalens har investert i utstyr som gjer at dei er sjølvbetjente og at dette reduserer dei negative konsekvensane vesentleg da dette gjer det mogleg å halde ope utan bemanning. For at butikken skal overleve i åra framover er det viktig å få mest mogleg ut av kundegrunnlaget, og da er det ei ulempe at butikken må ha stengt sundagar i perioden 15. september til 15. mai, til tross for at det framleis er mange tilreisande i området utover dette.

Dåverande Fylkesmannen i Oppland godkjende i 2012 Galdesand som typisk turiststad frå 15. mai til 15. september. Kommunen viser til ein styrka vårsesong og tidlegare vegopning og styrka sesong på seinhausten på grunn av sommarskisenteret.

Kommunen har i si vurdering sett på månadsvise omsetningstal for 2019 og 2020. Tala viser at det er ei klar omsetningsauke i juli og august og noko omsetningsauke i mai, juni og september. Det vises også til at det er ein skuldersesong frå mars til mai og frå september til november. Det vises til at det framleis er ein del trafikk i området i desse periodane sjølv om høgsesongen er slutt.

Det vises til at det har skjedd fleire ting sidan 2012 som gjer at Coop Ottadalen på ny tok kontakt med kommunen for å vurdere om det er mogleg å få utvida statusen som typisk turiststad til å gjelde for ei lengre periode. Det nevnes for eksempel at vårsesongen er styrka og tidlegare vegopning. Fylkesveg 55 Sognefjellet har dei siste åra vorte opna til og med Sognefjellshytta og unntaksvise heilt over ved påsketider. Fleire overnatningsstader i nærleiken av Galdesand har derfor høgsesongen sin i april-mai-juni. Videre vises det til styrka sesong på seinhausten på grunn av sommarskisenteret. Det vises også til at Coop Prix Bøverdalens har sjølvbetjening og at kundar da kan besøke butikken utanom ordinær opningstid. Kommunen viser også til at det lokale kundegrunnlaget for Coop Prix Bøverdalens er marginalt og at dei næringsdrivande er særavhengige av turistsesongane. Kommunen skriv også at gjennomgangstrafikken i området er stor, og at mange stopper på Coop-butikken fordi det er den siste butikken før fjellovergangen over mot Sogn.

Statsforvaltaren fekk søknaden 21.7.23 og den vart sendt på høyring til aktuelle instansar 3.8.23. Handel og kontor uttalte seg i brev av 4.9.23. Det ble anbefalt å ikkje innvilge søknaden frå kommunen. Handel og kontor skriv at dei ser det som viktig å bevare søndagsfri og å bevare søndag som annleisdag. Det blei også vist til at unntak frå helligdagsfredloven må handhevast strengt.

Statsforvaltaren sendte 18.10.23 brev til Coop v/Rune Fossmo kor det blei bedt om ytterlegare dokumentasjon på omsetning. Det blei bedt om en oversikt over omsetningstal fordelt på veker for 2019, 2021, dei delane av 2022 butikken var open og så langt dei hadde tal for 2023. Den etterspurde dokumentasjonen vart motteke 18.10.23 og 27.10.23.

**Statsforvaltarens kompetanse:**

Statsforvaltaren har myndighet til å ved forskrift fastsetja at eit område skal reknast som typisk turiststad, jf. Helligdagsfredloven § 5 sjette ledd som lyder som følger:

«Statsforvalteren kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister.»

Ei slik forskrift inneber at utsalsstader som sel varar til forbrukarar i det aktuelle området, kan halde opent på søndagar og heilagdagar, jf. § 5 første ledd og andre ledd nr. 4.

**Statsforvaltarens vurdering:**

Formålet med helligdagsfredloven er «å verne om det gudstjenestelige liv og den alminnelige fred på helligdager», jf. helligdagsfredloven § 1. Lovens hovudregel er at faste utsalsstader som sel varer til forbrukarar skal halde stengt på heilagdagar, jf. § 5. Omsynet bak lovens reglar om opningstider på heilagdagar er å tilpasse behovet til brukarane, og samtidig verne om den alminnelege fred på søndagar og andre heilagdagar.

Etter § 5 andre ledd er det gjort ei rekke unntak frå lovens hovudregel, og i nr. 4 er det gjort unntak frå reglane om opningstider for «typiske turiststeder». Med typiske turiststader er det meint mindre stadar der salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar. Forarbeida nemner som eksempel Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør, der det er få faste innbyggjarar samanlikna med talet på tilreisande. På slike stader er ofte næringsdrivande avhengig av turistsesongane for å kunne overleve. Kor lang denne perioden må vere, og kor stor del av omsetninga som må skje til turistar i denne perioden, må avgjera konkret i kvart enkelt tilfelle.

Ved lovendring gjeldande frå 1.4.2003 blei opningstidsloven oppheva og reglane om opningstider delvis vidareført i helligdagsfredloven. Lovendringa i 2003 innebar ein vesentleg liberalisering av føresegnane. Etter lovendringa kan forretningane halde opent heile døgnet heile veka, bortsett frå på sør- og heilagdagar. Disse endringane inneber eit mindre behov for å tillate opent på sør- og heilagdagar, og praksis for å fastsette forskrift om at eit område skal kunne reknast som eit «typisk turiststed» er derfor meir restriktiv enn etter tidlegare regelverk.

Definisjonen på ein turist er det ikkje gjort greie for i loven eller lovens forarbeid. I NOU 2017:17 «På Ein Søndag?», som gjelder forslag til endring i helligdagsfredloven § 5, er det i punkt 5.5.15.3 lagt til grunn ein viss definisjon av uttrykket:

«Forarbeida skil ikkje uttrykkjeleg mellom turistar og vegfarande, til dømes folk på veg over fjellet til konfirmasjon. Når forarbeida nemner Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør, bør det likevel vere rimeleg klart at det er tale om plassar som turistar har som reisemål, ein destinasjon, ikkje ein plass der folk tek ein triveleg, fin, lønnsam eller innhaldsrik pause på vegen.»

Salet må, som nemnt hovudsakleg skje til turistar. Ein naturleg språkleg forståing av hovudsakleg tilseier at salet skjer i større grad til turistar enn til fastbuande. Det er vanskeleg i desse sakene å synleggjera at det er turistar som hovudsakleg står for omsetninga i den aktuelle perioden.



Omsetningstal aleine vil derfor ikkje alltid kunne vere tilstrekkeleg til å vurdere om vilkåret er oppfylt. Stadens omsetningstal heldt saman med andre moment i søknaden kan vere med å sannsynleggjere at vilkåret er oppfylt. Det er likevel vår vurdering at det må krevjast dokumentasjon på at salet i den aktuelle perioden har ei tydeleg auke, og at innkjøp frå turistar bør utgjere ein vesentleg del av omsetninga.

Fylkesmannen i Oppland vurderte i 2012 at vilkåra for at Galdesand kan reknast som typisk turiststad i perioden 15. mai til 15 september. Statsforvaltaren skal nå vurdere om vilkåra er oppfylt for at Galdesand skal kunne reknast som typisk turiststad heile året eller frå påske og frem til 1. desember.

I følgje dokumentasjonen bur det ca. 2220 innbyggjarar i Lom kommune pr. 2023. På vegstrekninga frå Røisheim og oppover mot Sognefjellet bur det ca. 205 personar fast. Det er få hytter i kommunen, men fleire andre overnatningsplassar som hotell og campingplassar. Det er i vår vurdering sett hen til at Galdesand har store naturkvalitetar i nærleiken, med Jotunheimen nasjonalpark på den eine sida og Breheimen nasjonalpark på den andre sida. Dette gjer området til ein attraktiv destinasjon for både skigåarar og fotturistar.

Statsforvaltaren har gått gjennom dokumenta i saka og sett på om sal i den aktuelle perioden hovudsakleg skjer til turistar. Det leggjast til grunn at det har skjedd ei utvikling sidan 2012. Tala for den perioden Galdesand allereie er godkjent som typisk turiststad tilseier at sal hovudsakleg skjer til turistar. Når det gjeld resten av året tilseier ikkje tala at vilkåra i helligdagsfredloven om typisk turiststad er oppfylt for heile denne perioden. Det er opplyst at butikken i januar 2022 vart råka av ein stor brann som gjorde at dei måtte halde stengt i nesten eitt år. Statsforvaltaren har dermed sett på omsetningstala før og etter brannen. Statsforvaltaren finn, ut i frå den innsende dokumentasjonen, at vilkåra er oppfylt frå 1. april, eller påska, og frem til med 15. oktober. Det vises til at omsetningstala i denne perioden aukar, og at det kan leggjast til grunn at dette er på grunn av tilreisande turistar. Vi har i vår vurdering sett hen til opplysningar om at butikken vil vere sjølvbetjent og at det dermed ikkje vil innebere ei meirbelastning for dei tilsette. Det er vidare lagt vekt på dokumentasjonen som omhandlar gjestedøgn, tal på opne overnattingsstader og besøkstal i området.

I periodane utover dette, kan vi ikkje sjå at vilkåra i helligdagsfredloven § 5 om typisk turiststad er oppfylt. Dei vekesvise og månadlege omsetningstala som er dokumentert viser ikkje ei så tydeleg auke i desse periodane at vi kan leggje til grunn at salet hovudsakleg skjer til turistar. Vidare tilseier dokumentasjonen som gjeld gjestedøgn og besøkstal heller ikkje at vilkåra er oppfylt for resten av året. At det vil vere viktig å halde søndagsope for å kunne oppretthalde grendeboutikkar er ikkje åleine tilstrekkeleg til at vilkåra i loven er oppfylt. Det vises til det departementet har uttalt at typiske turiststader kjenneteiknast ved at dei næringsdrivande ofte ei avhengige av turistsesongane, da kundegrunnlaget er for lite til at dei næringsdrivande kan overleve på salet til de fastbuande. Det er etter vår vurdering ikkje grunnlag for å seie at det er turistsesong heile året, eller i perioden frå 15. oktober til 1. desember.

Statsforvaltaren godkjenner på denne bakgrunn ei endring av forskrifa slik at perioden som typisk turiststad gjeld frå 1. april til 15. oktober, dersom påska kjem før 1. april gjeld godkjenninga frå og med palmesøndag.

### **Konklusjon:**

Med heimel i helligdagsfredloven § 5 sjette ledd innvilgar statsforvaltaren delvis kommunens søknad om endring av forskrift om godkjenning av Bøverdalen (Galdesand) som typisk turiststad.



Statsforvaltaren godkjenner Galdesand i Lom kommune som typisk turiststad frå 1. april til 15. oktober, dersom påska kjem før 1. april gjeld godkjenninga frå og med palmesøndag.

Statsforvaltarens avgjerd om å fastsetje forskrift er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast videre av kommunen eller andre berørte.

Med helsing

Jo-Bjørner Haugen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Ingrid Skauge-Skogheim  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Forskrift om Bøverdalen som typisk turiststad, Lom kommune, Innlandet